

4299

05-August-2014

Jorun Borge  
Eidavegen 207  
5993 Ostereidet

LINDAS KOMMUNE	
Klasseurk	
04. 08. 2014	
Ark. setturk	Oppmøte
Saksn.	Miljøvern

Lindås kommune

Byggesak Eknes 31.07.2014  
v/rådgjevar Anne Lise Molvik

### Klage på kloakkledning gbnr 238/3 Eknes indre.

Dette er ei orietering på brevet eg fekk frå deg datert 10.07.2014.

Det ser ut som du har missforstått det som er fakta i saka. Det var ikkje lekasje på ledningen i myra, der Smådal har lagt ny ledning, der var han flatklemd og tett. Den nye ledningen har 2 cm jord over seg, der me kjører over. Det er lenger oppe mellom fylkesvegen og myra at ledningen har vore av dei siste 25 åra og kanskje lenger, mest sansynleg på grunn av frost. Ledningen er ikkje lagd slik at den tømmer seg, og han er ikkje nedgraven slik at den ligg frostfritt. Så det er mest sansynleg at neste frost vinter så er det problem igjen. Så skal den bli liggande der han ligg, må der sprengast og gravast ner slik at den ikkje kan bli skada og vera til ulempe for ferdsel i området.

Når det gjeld den delen som skal i sjøen, så ser det ut til at det aldri har vore lagt ledning lenger ut det som er vist på biledet som eg sende til deg. Dei som har hytter i samme område og som var bygde på samme tid rundt 1980 seier at den har lege på berget i alle år. Og Smådal bekreftar at ledningen ligg slik den i følge han vart godkjend i 1979. Eg ser han har bestilt koblingstykke, men der er ingen ledning i sjøen som eg kan sjå.

Kommunen burde hatt synfaring og sett korleis det ser ut på staden og korleis ledningen ligg, han er synleg mange stader.

Det løyvet som han fekk i desember 1980 til å utslepp av kloakk til sjø, kan vel neppe vera gyldig i dag? Når den sansynligvis aldri har vore utlagd i sjøen.

Det som gjer at eg skriv dette, er at eg vil gjera deg mersam på at Smådal har stemna saka inn til Forliksrådet, så får me sjå kva utfallet blir, om det stoppar her eller går vidare.

Eg legg ved kopi av tilsvaret som er sendt Forliksrådet, slik at du kan sjå kva advokaten har lagt fram.

Helsing

Jorun Borge  
*Jorun Borge*

1. Kopi